



Arkivnr: 2017/732-239  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval         | Saknr. | Møtedato   |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet |        | 31.01.2019 |

## Val av medlemmer og varamedlem til generalforsamlinga i Sparebanken Vest

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune er representert i Sparebanken Vest, generalforsamlinga med 4 medlemmer. Det er 3 faste medlemmar og eit varamedlem. Dei fire medlemmane står på val i 2019.

Hordaland fylkeskommune har blitt kontakta av Sparebanken Vest, der ein ber om at det vert føreteke val. Vala må etter bankens vedtekter vere gjennomført innan utgangen av januar 2019. Valperioden for både dei faste medlemmane og varamedlemmet er 4 år, det vil seie fram til januar 2023 for komande valperiode.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gjer val av tre ordinere medlemmer og eit varamedlem frå Hordaland fylkeskommune, til Sparebanken Vest sin generalforsamling.

**Økonomi:** Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.

**Klima:** Inga effekt.

**Folkehelse:** Inga effekt.

**Regional planstrategi:** Inga effekt.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet gjer slike val til medlemmer til generalforsamlinga til Sparebanken Vest:

Medlemmer:

- 1.
- 2.
- 3.

Varamedlem:

- 1.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.01.2019**

Det går fram av delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune del A, Reglement for fylkestinget, punkt 2.4. at:

«Valnemnd

*Fylkestinget vel i det i det konstituerande møtet, etter innstilling frå fylkesutvalet, ei valnemnda for heile valbolken. Valnemnda bør ha 11 medlemmer som reflekterer styrkeforholdet i fylkestinget. Det er eit mål at alle partia skal vera representerte i valnemnda. Kvar partigruppe får 1 varamedlem meir enn partigruppa har medlemmer i valnemnda.*

*Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget og saker om val av skjønnsmannsutval.»*

Denne saka, val av medlemmer og varamedlem til generalforsamlinga i Sparebanken vest, er ei sak som skal handsamast i valnemnda og deretter i fylkestinget, Jfr. Delegasjonsreglementet pkt. 2.4.

Det vert vist til delegasjonsreglementet del A, reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.6., saker der fylkesutvalet tek avgjerd.

Her går det mellom anna fram:

*«Oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla.»*

Sparebanken Vest har kontakta Hordaland fylkeskommune og bedt om at val vert føreteke innan den 31.01.2019. Dei skriv mellom anna: «Til informasjon står ovennevnte 4 personer på valg i 2019. Valgene må i henhold til bankens vedtekter (vedlagt her) være gjennomført innen utgangen av januar 2019. Valgperioden for både ordinære medlemmer og varamedlemmer er 4 år, det vil si frem til januar 2023 for kommende valgperiode. Vi ber vennligst Hordaland Fylkesting om å gjennomføre valg som påkrevd. Vennligst meddel resultatet av valget til bankens Konsernstøtte innen 31.01.2019.»

Neste møte i valnemnda og fylkestinget er den 05.03.2019. Sparebanken Vest ber om at valet vert gjort innan den 31.01.2019, iht deira vedtekter. Det er møte i fylkesutvalet den 31.01.2019. Fylkesrådmannen viser til delegasjonsreglementet punkt 2.1.6, reglement for fylkesutvalet: «*når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla*». Fylkesrådmannen finn at avgjerd i denne saka ikkje kan venta til fylkestinget er samla den 05.03.2019 og rår til at denne saka kan handsamast etter regelen i delegasjonsreglementet punkt 2.1.6, på møte i fylkesutvalet den 31.01.2019.

Sparebanken Vest er organisert i samsvar med sparebanklova og lov om finansinstitusjonar og finansieringsvirksomhet. Øvste organ er generalforsamlinga (tidligere representantskapet). Generalforsamlinga i Sparebanken Vest har 48 medlemmer og 24 varamedlemmer, samansett av representantar vald av kunden, det offentlege (Bergen kommune og fylkestinga i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland), eigenkapitalbevisegarar og tilsette. Kundane velger 16 medlemmer og 8 varamedlemmer fordelt på valdistrikt. Oppgåvene til generalforsamlinga er mellom anna å fastsetje vedtektene til banken, vedta bankens rekneskap, disponere overskot, velje styre og valkomitear.

Dei noverande medlemmane frå Hordaland fylkeskommune i representantskapet i Sparebanken Vest er:

Medlemmer:

1. Eli Årdal Berland, H
2. Terje Søviknes, Frp
3. Pål Kårbø, Krf

Varamedlem:

1. Brigt o. Gåsdaal, A

Sigbjørn Framnes, FrP, har vore vara for Terje Søviknes i tida 03.02.2017 til 01.10.2018.

Sparebanken Vest sin generalforsamling består av 48 medlemmer og 24 varamedlemmer, jf. vedtektene § 3-1. Av § 3-2 i vedtektene kjem det fram at 8 medlemmer og 4 varamedlemmer vert vald av det offentlege, korav tre medlemmer og eit varamedlem frå Hordaland Fylkekesting, jf. § 3-5.

Det går fram av vedtekter for Sparebankens Vest § 3-5:

**«§ 3-5 Det offentleges valg til generalforsamlingen**

*De offentleges representanter velges av og fordeler seg som følger:*

|                                      | <i>Antall medlemmer</i> | <i>Antall varamedlemmer</i> |
|--------------------------------------|-------------------------|-----------------------------|
| <i>Bergen kommune</i>                | 2                       | 1                           |
| <i>Sogn og Fjordane fylkekesting</i> | 2                       | 1                           |
| <i>Hordaland fylkekesting</i>        | 3                       | 1                           |
| <i>Rogaland fylkekesting</i>         | 1                       | 1                           |

*Medlemmer valgt av fylkekestingene skal være geografisk fordelt innen det enkelte fylke. Medlemmer valgt av Hordaland fylkekesting skal heller ikke ha sitt bosted eller virke i Bergen kommune. Valg etter denne paragraf må være avholdt innen utgangen av januar.»*

Sparebankens Vest ber no om at det vert vald tre faste medlemmer og eit varamedlem til Sparebankens Vest sin generalforsamling, innan utgangen av januar månad 2019.

Slik val må gjerast.